

HANDLINGSPLAN 2024

Vedteke på ST1 2024

Denne handlingsplanen er eit rettleiande dokument for kva arbeidsutvalet til Studenttinget på Vestlandet skal arbeida med det gjeldande kalenderåret.

Studenttinget ønskjer at arbeidsutvalet skal:

STUDENTTINGET PÅ VESTLANDET SOM ORGANISASJON	
1.	Sikra at studentene er representerte i all relevant møteverksemd med full representasjon på alle nivå.
2.	Sikra at alle studentråda er i sjølvstendig drift med leiarar.
3.	Ha fokus på tidleg og god opplæring for alle tillitsvalde.
4.	Arbeida for at alle campus er representerte i arbeidsutvalet (AU).
5.	Synleggjera gjennomslag.
6.	Driva aktiv og forsvarleg profilering via Studenttinget på Vestlandet (STVL) sine kanalar.
7.	Samarbeida med <i>Høgskulen på Vestlandet</i> (HVL) for å arbeida fram eit betre system for val og innmelding av kasetillitsvalde (KTV).
8.	Sikra at valsystemet til Studenttinget (ST) og instituttillitsvalde (ITV) er oppdatert, for å gjera det lettast mogleg å gjennomføra valet.
9.	Sikra at KTV er representerte i ein formell møtearena i studentdemokratiet.
10.	Hjelpa campustillitsvalde (CTV) i å byggja nye og gode system for å fordela semesteravgiftsmidlar og aktivitetsmidlar.
LÆRINGSMILJØ OG VELFERD	
11.	Følgja opp studentane si psykiske helse, og leggja til rette for at alle studentar er inkluderte i studiemiljøet.
12.	Arbeida for at HVL gjennomfører arrangement som skapar sosiale møteplassar for studentar.
13.	Arbeida for at HVL i størst mogleg grad nyttar livssynsnøytrale bygg og lokaler til undervising og eksamen.
14.	Leggja til rette for velfungerande og aktiv studentorganisasjonisk drift på alle campus.
15.	Arbeida for at studentar med sentrale og kritiske verv i studentorganisasjonar utanfor studentdemokratiet, kan få tilrettelagd praksis.
16.	Bruka studentundersøkingar i arbeidet for å betra studentmiljøet.
17.	Følgja opp studentane sitt fysiske læringsmiljø og ta ei aktiv rolle i campusutviklinga ved HVL.
18.	Sikra gode og tilstrekkelege areal for lesing, arbeid og sosialt for studentar på alle campus.
19.	Arbeida for at studentdemokratiet og studentorganisasjonar har dedikerte areal for å utføra sitt arbeid.
20.	Arbeida fram ei velferdspolitisk plattform.
21.	Delta i utviklinga av nybygget og nye studentareal i Haugesund.
22.	Bidra til utvikling, promotering og bevisstgjerung av kvalitetssystemet og <i>Sei ifrå</i> -systemet til HVL.
23.	Tilby ein fysisk stad på campus der digital undervising kan sjåast i fellesskap.
UTDANNING OG FORSKING	
24.	Arbeida for at HVL sine utdanningar er relevante for framtidige arbeidsplassar. Dette gjennom sterkt fokus på digitalisering, samarbeid med næringsliv og samfunnsaktørar, og kritisk tenking.
25.	Samarbeida med HVL for å vidareutvikla studentjobbportalen <i>Student på Vestlandet</i> .
26.	Sikra at studentperspektivet blir ivareteke under utarbeiding av retningslinjer for kunstig intelligens (KI).
27.	Arbeida for at studentar kan delta aktivt i forskning som ein del av studieløpet sitt.

28. Bidra i arbeidet med å betra frammøte til og deltaking i undervisning.
29. Arbeida for at obligatorisk undervisning skal nyttast når innhaldet er kritisk for studentane si utdanning, samstundes som at undervisninga ber preg av studentaktive læringsformer og varierte undervisningsmetodar.

PRAKSIS

30. Arbeida for betre ordningar for dekking av meirkostnadar knytt til praksis.
31. Arbeida for betre oppfølging og kvalitetssikring av praksis.
32. Arbeida for å få ein fast frist for å veta praksisplass.
33. Samarbeida med HVL for å kartleggja konkrete utfordringar ved gjennomføring av praksis for studentar.

INTERNASJONALISERING

INNVEKSLING

34. Arbeida for at HVL har gode mottaksordningar for internasjonale studentar.
35. Omsetja STVL sine styringsdokumenter til engelsk.
36. Arbeida for at HVL er mottakar for studentar frå Students at Risk (STAR)-programmet.
37. Sørgja for at HVL utviklar gode stipendordningar for innvekslingsstudentar.
38. Arbeida for at HVL skal tilby eit nivåtilpassa norskkurs til studentar og tilsette.

UTVEKSLING

39. Arbeida for at HVL sine studieprogram har førehandsgodkjende studieløp hos internasjonale utdanningsinstitusjonar.
40. Delta aktivt i vidareutviklinga av appen *HVL Utveksling*.
41. Arbeida for at studentar saumlast skal kunna søkja og reisa på utveksling.
42. Arbeida for at studentar får tilstrekkeleg informasjon om utveksling.

BEREKRAFT

43. Arbeida for at det skal vera gode ordningar for gjenbruk og resirkulering på alle HVL sine bygg.
44. Samarbeida med HVL for å redusera miljøutslepp knytt til reiseverksemd.
45. Oppretta ein fast møtearena mellom berekraftsansvarleg i AU og bærekraftsansvarleg i HVL.
46. Arbeida for at STVL er ein organisasjon som tek berekraftige val.

LIKESTILLING, INKLUDERING OG MANGALD

47. Arbeida for at studentdemokratiet er ein inkluderande og mangfaldig organisasjon.
48. Markera større relevante merkedagar som dekkjer mangfaldet i studentmassen, mellom anna pride og Kvinnedagen.
49. Rekruttera breitt til verv i studentdemokratiet.
50. Sikra og verna om ei positiv og inkluderande fadderordning.

